

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2015

Dugnadsbygda

Side 2-5

10 års jubileum for Nye Varhaugbuen

Side 12-13

Konsert i løå

Side 16-17

Lensmannløå ungdomsklubb

Side 20-21

Jærmessa

Side 30-36



Elgane

Sidene 26-27

Dugnadsbygda

Dette blir ikkje ei sentimental reise tilbake til fjerne år med ein tilhøyrande konklusjon om at alt var så mykje betre før. For det var det definitivt ikkje. Men eg hadde tenkt å kåsera om dugnad på denne lyse sommarkvelden. For det er vel den fellesnemnaren som samlar oss akkurat her og no. Og då må eg begynna med å gå tilbake i tid. Sånn cirka til tida som var før – og litt etter at den smalspora Jærbanen vart strekt over myrer, inn- og utmark mellom Egersund og Stavanger. Jærbanen vart opna i 1878.

Dugnadsbygda

Dette blir ikkje ei sentimental reise tilbake til fjerne år med ein tilhøyrande konklusjon om at alt var så mykje betre før. For det var det definitivt ikkje. Men eg hadde tenkt å kåsera om dugnad på denne lyse sommarkvelden. For det er vel den fellesnemnaren som samlar oss akkurat her og no. Og då må eg begynna med å gå tilbake i tid. Sånn cirka til tida som var før – og litt etter at den smalspora Jærbanen vart strekt over myrer, inn- og utmark mellom Egersund og Stavanger. Jærbanen vart opna i 1878.

Buevegen og Jærbanen

Appropos Jernbanen. Han skal stengas mellom Bryne og Stavanger i fem veker nå i sommar. Som ein litt sjølvskrytande jærbu har eg vanskar med å forstå at det kan vera nødvendig.

Buevegen skal stengast i eitt år etter det eg har forstått. Kan det vera nødvendig? Kunne me ikkje raska i hop ein gjeng frå Skretting og Odland og Bratland og Auestad og Ueland og fiksa den vegen på nokre netter? Ein liten dugnad, altså.

Me har breiband og fiberoptikk, hydrauliske gravemaskinmonster med laser og elektronikk. Me

har monsterlastebilar frå Risa og Erik Håland med ryggekamera og integrerte kjøleskap og gps, likevel skal Buevegen stengast i eitt år.

Men det er i dag og eitt år framover.

Tilbake til trekken

Eg skulle tilbake. Ei slik reis er mest umogleg for oss som er jærbruar i dag. Greier de å sjå føre dykk Jæren utan eit einaste tre. Utan ein einaste hage, ikkje ein busk, ikkje ein hekk, ikkje ein einaste trampoline eller terrasse. Eit Jæren med nokre få grusvegar, og mange steingardar. Vindskeive, låge og fattige hus og uthus. Hestaltort og sauallort. Sur torvrøyk og kald trekk.

Trekk har me forresten nok av. Denne kalde våren har eg fått forståelse for dei gamle på jæren som sa Passa trekken. Dei var livredde for trekk. Å bli utsatt for trekk var bortimot det skumlaste jærbuane kunne koma bort i. Det var før antibiotikaen og fastlegane si tid.

Her i trekken på Jæren budde folket. Utan fiberoptikk og facebook, el-syklar, nordsjøritt, datastyrte plenklypperobotar og fredagspils. Utan Quiss på Iden, Fullstendig utan Samemisjonsbasar på Misjen,

det var ei Varhaug-bygd fri for konsert i Lennsmannsløa eller sommaravslutning for Bygdekvinnelaget med gassgrill i rustfritt stål med marinerte spareribs frå Coop-Extra.

Lensmann og bank var på Hobberstad. Næringsliv var eit framandord. Folk måtte greia seg utan bankterminal og fotpleie. På stasjonen, i området me er akkurat nå, var det ingenting. Det vil seia – det var ein og annan dyrka jordlapp. Elles var det lyngmark, utmark, mosegrodd stein og torvmyrer.

Budde i klynger

Nå bur me i klynger. I blokker og rekkehus. Oppå kvarandre og ved sida av kvarandre. Slik var det den gongen også. Før utskiftingane tok til etter 1850 og utover, budde jærbuane i klyngetun. Her stod hus i hus, saman med uthus og eldhus, kjerrehus og kyllinghus. Omman i dom. Innmarka var oppdelt mellom gardane i klynga mens utmarka og lyngheia var felles.

Nye generasjonar kom til. Foreldre delte jorda med barna som gjerne bygde eigne hus og driftsbygningar. Alle skulle ha sin del av den verdifulle innmarka. Det vart eit salig kaos for å seia det forsiktig.

Utskiftingane kom i rett tid, og er eit anna kapittel. Eg vil snakka om dugnad. For det var i denne tida dugnadskulturen på Jæren oppstod. Dette er ikkje mine ord. Det er ikkje noko eg kan særleg mykje om. Men det høyrer fornuftig ut når historikarar som Svein Ivar Langhelle hevdar dette.

Om eigeomsforholda var kaotiske, var klyngetuna små samfunn der alle kjende alle – der mange var i slekt med kvarandre – og der alle kjende seg forplikta til å hjelpa til.

Hjelpa kvarandre

Det var ei røff tid som herda jærbuane som lødde stein, spadde åker, treska korn på løegolv, fødte ungane i kammerset, gjekk på do der det var livd og henta energien i dei vassmetta kalde torvmyrane.

Offentlege sosiale sikkerheitsnett fanst ikkje. Nav og pensjonsrettar og arbeidsavklaringspengar var framandord. Likevel fungerte bygda vår. Folk stilte opp for kvarandre når nauda banka på dei gisne dørene.

Tidene kravde samhald. Folk skulle hjelpa kvarandre. Det var ei kristenplikt og ei sjølvfølge. Jord vart dyrka, korn vart turka, tak vart tekte, ull vart spunne, flatbrød vart bakt og øl vart brygga.

I forbindelse med boka om kyrkjegarden nede på Varhaug, vart eg merksam på ei problemstilling som eg ikkje hadde tenkt gjennom. Når døden ramma hardt og nådeløst. Det var ikkje alltid livets gang og ei naturleg avslutning på eit langt liv. Småbarn døyde,

ungdommar døyde og unge mødrer døyde.

Og om ei ung mor døyde i barsel for eksempel på Aniksdal, nybakte mødrer døyde ofte av infeksjonssjukdommar i barsel for 150 år sidan. Då måtte den døde berast i kista ni kilometer for å bli jordfesta i vigsla jord. Gjennom eit terreng utan vegar og buskar og tre og livd og rekkverk. På stiar og tråkk sleit folk seg fram med båra. Over flaumstore bekker balanserte følgjet. I snøfokk og regn. Også då var dugnaden sjølv sagt. Når følgjet kom til eit nytt tun vart dei bedne inn. Bordet vart dekket, folk åt – og fekk gjerne ein skvett brennevin å styrka seg på medan yttertøyet tørka på ein knagg over bileggaromnen i stovå.

Når så følgjet skulle vidare, baud andre seg til å bera eit stykke.

Ny kona straks

Mange av dykk har høyrte historia før. Om mannen som hadde mist kona si. Det var som sagt ingen som fekk hjelp frå det offentlege når krisa ramma i ein heim. Sjølv om folk stilte opp for å hjelpa ungar som var blitt morlause, var det avgjerande viktig for far å finna seg ei ny. Så fort som mogleg. Mannen stod ved grava saman med eit stort gravfølgje og såg at båra med kona vart seinka i jorda. Naboen stod ved sida av med huva i hendene og bøygde nakke. Den ferske enkemannen kikket bort på naboen og sa: Sjå ut ei ny til meg du. Æg æ så fode av gråd!

Takk og pris for humoren, seier eg.

Takk og pris for dugnadsånden, kan eg leggja til. Om me ikkje

går saman og fiksar Buevegen på dugnad – eller om det ikkje lenger er behov for dugnadsinnsats når ein familie blir ramma av sjukdom eller økonomiske problem, er det framleis behov for kakene til korps-mødrene og fedrane på 17. mai.

Treng dugnadsånden

Om råolja tilfører arbeidsfolk på jæren nok inntekter til å bygge luksushytter i Sirdal og Lyngdal er det framleis behov for sponsorkronene til SI-bygg, Norgeshus, Spar og Eik landbrukssenter. Bygda har behov for loddsejarar til Misjonssambandet sin Peru-basar. Gjenbrukbutikken har bruk for sakkosekker og gamle veggur, Figgjo service og pent brukt induksjonskomfyr.

Varhaug har behov for at nokon tar på seg å selja 17. mai program til inntekt for drift av nasjonalfesten. Om Nav sørger for løn til ho som må ut av arbeidslivet etter oppnådd pensjonsalder eller etter kroniske rygglidelser etter ei strid strålebehandling, er det framleis behov for oppmenn- og kvinner til Håndball Jente 12 år på Iden.

Bladet Varhaugbuen har behov for folk som stiller på redaksjonsmøte mange kveldar gjennom året utan stoppeklokker og utan registrering av kjørte kilometer til og frå heimen.

Varhaug kristeleg Ungdomslag treng fortsatt pengar til å starta utviklingsprosjekt i u-land. Det er framleis unge mødrer som døyr i barsel rundt om i verda på grunn av «enkle» infeksjonar.

Får det til

- Me får til det me vil, sa Kjell Tore Skretting sist laurdag. Han hadde stått heile dagen ved Djupholsbrua og selt hamburger og brus – og heia seg hås på 10.000 Nordsjøridd-syklistar.

- Nå går eg innom Idrettshuset med dette lasset, sa ei dama i grøn VIL-jakke som eg sikkert burde visst kven var, men som eg ikkje visste kven var. Klokka var 16,30. Den unge kvinna var sannsynlegvis småbarnsmor og yrkesaktiv. Den varme fridagen i juni hadde ho brukt til dugnad for Varhaug Idrettslag.

- Tusen takk for ein gild dag, sa ho og skein i kapp med junisola til Kjell Tore og dei andre dugnadfolka. Ikkje bare hadde ho gitt ein fridag til fellesskapet. I tillegg smilte og takka den flotte dama i sin beste alder for ein gild

dag. Utan å få ei krone i betaling. Ho hadde hatt ein gild dag. Ho har forstått og kjent kva som ligg i ordet dugnad.

Verdien med å stilla opp ligg ikkje i genene til folk. Han må erfarast og lærast. Å gje ungdom i bygda vår ei bachelor i dugnad og dugnadsånd er ei krevjande øving i eit samfunn der suksess og livskvalitet blir målt i inntekt, utdanning, friår på Hawaii og tal likes på Facebook.

Mjølkeanlegg på Madagaskar

Nokre har forstått det. I vinter tok ein Varhaug-gjeng med mannfolk i 70-års alderen med seg ein gjeng med unge mannfolk til Madagaskar for å støypa ein ringmur, sveisa eit par portar og montera eit mjølkeanlegg. På

dugnad. Ungdomane brukte av eigen ferie og betalte reisa av egne pengar. Eg trur dette er eit eksempel på korleis me best kan investera i framtida.

Det er ikkje sikkert at det er så stas lenger å stå parkeringsvakt med grøn refleksvest på Iden på eit landbruksarrangement ein iskald måndagskveld i januar slik Martin Skrettingland har gjort dei siste 40 åra. Vindskeiv som ei jærsk raudn står han der og dirigerer bilane på plass. Som ein påle. År etter år.

Skal veksande Varhaug bli ei god bygd å bu i for generasjonar som kjem må me halda dugnadsånda varm om vinterkvelden på parkeringsplassen er aldri så kald.

Elles vil verdien av å gje av eiga tid og egne krefter kunna enda som ein historisk kuriositet på

Nasjonalbiblioteket i Mo I Rana.

Det er lett å siga ned i mjuke puter etter ein hektisk dag på Forus. Det veit eg alt om – sjølv om eg ikkje arbeider på Forus.

Me har ei bygd med mange lokale – og mange drivkrefter. Frå sjakk og frimerke til gjetarhund, eldretreff og pistolklubb.

Me greie det me vil

Etter sommarferien skal VIL samla troppene til dugnad på den nye hallen. Bygda har fantastiske resursar. Meir enn 100 potensielle tømrarar å invitera på dugnad. Tusenvis av dugnadstimar er utført. Fleire tusen timar står att. Haldninga til Kjell Tore & co. er at dette får me til. Me greier det me vil.

Folk erfarer at dugnad handlar om meir enn å gje. Det handlar

om å få. Nettverk, vener, identitet, tilhørigheit.

- Eg har ikkje ord for alt, seier Kjell Tore på Skretting. Men eg kjenner det.

Og nå kjenner eg at eg skal møna det av. Nå skal me nytta sommarkvelden og ferietida.

Og når hausten kjem er me klare til ny innsats og dugnad for det veksande klyngetunet som heiter Varhaug.



Frå redaksjonen

Som de vil sjå, hadde me ei vellukka feiring av oss sjølv 20. juni, både med seminaret på laurdag og festen om kvelden. Og her kjem og det gode, og alltid like treffande, kåseriet til Sjur. Glad at me har han med oss «på laget»

Så var Jærmessa nr. 29 vel over. Dette trur eg må ha vore den beste messa på mange, mange år. Veldig mange aktivitetar for ungane, både inne og ute. I den nye hallen var det mange slag dyr, mykje flott brukskunst/handarbeid, bygdekvinnelaget steikte nordlandslefser (som for ut etterkvart), og det var og høve til å kjøpa kaffi og noko å bita i både hos dei og VIL. Kalvemønstringa på søndag var heilt topp, og den minste gutten som var med her, var berre 4 år. Flott prestasjon! Og på konserten på kunstgrasbanen seinare på dagen med Marcus og Martinus var VIL skikkelig heldig med både veret og 4.000 frammøtte.

Takk til alle som sender inn både mykje stoff og bilete til bladet. Det er minste føre å vera redaktør med så mykje å boltra seg i. Berre så synd eg ikkje får plass til alle bileta som kjem inn.

Håper at alle har hatt ein god ferie, slik at batteria er full lada til hausten sine mange aktivitetar.

Liv.



Nordic Tenors høstet applaus umiddelbart da de entret scenen med sitt show «An Evening with Nordic Tenors» i Lensmannsløa 28. juni.



Det ble et varmt møte mellom de tre tenorene og det forventningsfulle publikummet i den fullsatte Lensmannsløa. Sveinung Hølmekbakk, Jan Tore Saltnes og Roald Haarr bød på nydelige klassikere fra opera og populærmusikk, alt bundet eventyrlig sammen av lun humor, talende mimikk og festlig koreografi. Pianisten imponerte med lekende og variert spill gjennom hele forestillingen.

Tiden gikk så altfor fort når man delte den med Nordic Tenors.

Det stramt regisserte showet

fremsto løst og ledig, og kontakten med publikum ble tidlig etablert gjennom direkte henvendelser fra scene til sal. Repertoaret til tenorene spente fra opera til herlige shownummer med alt fra Beatles til jodling.

Bilder ble skapt gjennom bevegelser og karikeringer. Roald Haarr spilte alt fra forsmådd og oversett tilrotekopp og ugagnskråke. Han evnet å skape en troverdig figur. Hver av de tre tenorene hadde overbevisende og særs vakre solofremføringer som viste at de står fint alene, men samspillet fremhevet helt klart at de også sammen evner å finne den helt

spesielle, unike og særegne tonen. Det var sprudlende, og det var friskt, samtidig som det også var vart og vakkert. Den stående applausen til slutt var så vel fortjent.

Vi forstår godt at disse tre herrerne i 2006 fikk Komiprisen som «Årets nykommer», de har feid inn som en frisk vind på den norske showarenaen og vist at de har styrke nok til å bli værende her i ennå mange år til.

Kultur i Løå,
Vennelaget for Lensmannsgarden



Fylkesleir og aspirantleir på Brusand

Det var 9 medlemmar frå Svala som reiste på fylkesleiren saman med 2 lederar. Me stillte med to volleyballag på turneringa, laga hadde medlemmar frå Svala og frå Sjøglimt. Aspirantane kunne kome på fredagen og ver til lørdag. Det var 21 aspirantar og 3 lederar frå Svala som kom bort på fredagen. På lørdagen reiste dei som var på fylkesleiren på aktivitetar og det var volleyball for aspirantane. Aktivitetane du kunne reise på var:

Sykurs, fotografering, idrettsdag m/klatring, jærmuseet, geocaching, golf og kunstdag med maling og keramikk. Me var på aktivitetane nesten heile lørdagen. Når me kom tilbake frå aktivitetane hadde aspirantane reist heim. På lørdagskvelden var det konsert med «Silo & saft». Søndagen var det finalekamp i volleyballturneringa, før me pakka saman og reiste heim. Me hadde det kjempekjekt!



Grillkveld på Lerbrekk skule

torsdag 6. august



Det var lenge usikkert korleis veret ville bli denne kvelden, så det var ikkje få gonger styret i Vennelaget kikka opp på himmelen og mørke skyer, og håpa og ynskte at det ville halda tett. Det var byger like fram til starttida, så det var ganske så nervepirrande. Men snart begynte folk og spelemenn og finna plassane sine og rigga seg til, og kl. 18 kunne Brit Obrestad ynskja velkomen til heile 70 frammøtte. Brit starta med å lesa nokre eigenproduserte stubbar og dikt som heite «Sommar i sikte» og «Endeleg sommar». Så gav Brit scenen til gruppa «Agnes og dei» som starta med «Ved en liten fiskerhavn» og andre kjente og kjære songar.

Grillen var glovarm, så Arvid og Einar hadde snart koteletter og pølser klar. Maten smaka godt ilag med salat og nykokte «småeple». Det smaka ekstra godt med bakgrunnsmusikk frå

«Agnes og dei», som spela den eine kjennelege melodien etter den andre, både vals, polka og «evergreens». «Lille Laila», «Vestkystens vals», «Titanolåten» og «Dagen er din» blei spela. Etter grillmaten var det godt å slutta av med kaffi og kaker.

Brit las så litt eigenproduserte epistlar og overraska med den eine gode vitsen etter den andre, så forsamlinga fekk seg ein god lått. Så var det tid for allsong frå songboka, og me song både «Sol ute» og «Den glade vandrør», sjølv om sola ikkje viste seg denne kvelden. Brit las så eigenproduserte stubbar, og me fortsette songen me «La oss leve for kvarandre» og «I sommaren soliga dager» og «Jag tror på sommaren» med hjelp av gode forsongarar og godt tonefølgje.

Musikarar og grillmeistrar blei takka veldig av Brit, og Inger overrekte

blomar. Brit og Sigbjørn fekk og velfortente blomar for god innsats.

Etter ynskje frå dei frammøtte, song me som vanleg «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting.

Brit las eit dikt av Aslaug Låstad Lygre som heite «God natt», før me til avslutning song «Fager kveldsol smiler»

Brit ynskte alle vel heim, og takka for frammøte. Vi var glade for at kvelden hadde gått utan regn, sjølv om vinden var litt plagsom. Trekkspelgruppa avslutta kvelden med fin musikk, mens folket rydda seg heimover. Nok ein kjekke kveld for drøs og samvær og fellesskap var vellukka over, så får me håpa sola skin neste år!

Inger Haugstad



BIBLIOTEKET

Ein møtestad for alle

Dersom du framleis trur at biblioteket held til på Rådhuset, er det på høg tid at du tek deg ein tur til Varhaug skule. Her ligg nemleg eit stort og flott bibliotek. Dette biblioteket er ikkje berre for dei som er elevlar ved skulen. Biblioteket er ope for alle i bygda.



Det er 11 år sidan folkebiblioteket flytta saman med skulebiblioteket på Varhaug. Mykje har skjedd på desse åra. Lokala har blitt utvida fleire gonger. Og medan andre bibliotek i landet snakkar om nedgang i utlånet, kan Varhaug visa til stadig aukande utlånstal.

I biblioteket kan du låna både bøker og lydbøker, faktabøker og skjønnlitterære bøker, biletbøker, teikneseriar, filmar og vekeblad. Du kan lesa dagens aviser over ein kopp kaffi, og du kan nytta datamaskin dersom du treng det. Biblioteket er ein møtestad for alle.

Biblioteket låner og ut e-bøker. Det er bøker du kan lasta ned og lesa på eit nettbrett eller ein smarttelefon heilt gratis. Då er det berre å lasta ned appen eBokBib, og logga på med

lånenummer og pinkode som du får i biblioteket.

Det er inga aldersgrense i biblioteket. Jamnleg har vi besøk av både barnehage og skule. Dei er ivrige lånarar, og spør ofte etter humor eller spenning. Småbarnsforeldre kjem for å låna bøker både til seg sjølv og barna. Sybøker og kokebøker er populære blant desse. Større barn kan sitja i biblioteket og gjera lekser, og fleire barn treffest fast i biblioteket for å spela data eller spela sjakk. Er du student og treng bøker frå andre bibliotek, hjelper vi med å få tak i det. Mange vaksne lånarar spør etter krim eller biografier. Läckberg, Nesbø og Adler-Olsen er populære forfattarar.

Ein gong i månaden vert det arrangert bokkafé for vaksne i biblioteket på Varhaug. Dette skjer som regel den

første torsdagen i månaden, klokka 18. Her presenterer bibliotekarane bøker dei har lese og likt, og så kan du låne bøkene som vert presenterte, eller andre bøker.

Tre gonger i året har vi bibliotek kino. Då viser vi film som passar for barn frå ca. 4 år og oppover. Alle arrangementa i biblioteket er gratis.

Vi samarbeider med andre bibliotek over heile landet. Dersom du har vore på ferie på Sørlandet og lånt deg ei bok der, kan denne leverast inn att på Varhaug, så ordnar vi transport til rett bibliotek. Bøkene som vert lånt på Varhaug, kan og leverast inn ved andre bibliotek.

*Britt Astrid Helland Ek,
Tove Obrestad Wøien, Karete Fosse.*

OPNINGSTIDER BIBLIOTEKET PÅ VARHAUG
Måndag 08.30 - 19.00
Tysdag 08.30 - 15.00
Onsdag 08.30 - 19.00
Torsdag 08.30 - 19.00
Fredag 08.30 - 14.00

Nytt frå Hå karateklubb



Gradering våren 2015:

Mandag 8. og onsdag 10. juni hadde klubben gradering på Varhaug Skule i gymsalen. Ca 50 av klubbens medlemmer fikk en høyere grad (kiu). God innsats både på matta og for de som tok teoriprøve i tillegg.

Varhaugmarken 2015:

Lørdag 6. juni hadde Hå Karateklubb oppvisning på Varhaugmarken:

Trening høsten 2015:

Klubben vil i høst trene på Varhaug Skule og Bø Skule. Begge steder blir det nybegynnerkurs. NB! Du må være min. 6 år for å begynne. Mandag og onsdager kl. 18.00 er det nybegynnerkurs/hvitbelter på Varhaug. Tirsdag og torsdag kl. 17.00 er det nybegynnerkurs/hvitbelter på Bø.

Dersom noen har lyst til å begynne å trene karate er det bare å komme på trening.

Kontakt event. Sensei Audrone på tlf. **966 74 321** eller mail: **audrele3@yahoo.com** – vi har plass til flere medlemmer.

Styret i Hå Karateklubb



Frå Varhaugmarken





JÆRBELGEN T.K. OG VARHAUG IL
inviterer til Danse- og spelemannstreff i Varhaughallen 18.-20. september
Allsang lørdag kl. 13.00 (gratis)
Dans fredag og lørdag kl. 19.00 - 01.00

Inngang: Pr. kveld kr. 200,-
Gjennomgangsbillett kr. 300,-
Ønsker du å bestilla bord, ring. 51 43 04 01 (08.00-15.00)

Facebook har ein god muligheit med å kunne sende informasjon til mange personar.

Derfor har eg oppretta ei gruppe som heitar VARHAUG. Eg håper og tenker at her kan lag og foreningar legge ut informasjon om arrangement. Privatpersonar kan og bruke sida til å invitere andre med på tur. Det kan vera alt frå gåtur til Steinkjerringa, teater i Stavanger eller tur i lysløypa. I Damebyen hadde me nokre kjekke turar. I den tida leverte me ut lappar med informasjon om at på søndag kl 13 reiser me til Brusand og lager sandslott. Det einaste ein som «arrangør» gjorde var å skriva tid, mål og treffstad.

Nå kan ein legge ut denne informasjonen på «Varhaug».

Under hendingar kan lag og foreningar legge inn når det er planlagt arrangement, noko som kan vera til hjelp med langtidsplanlegging.

Eg håper at mange vil leggja til personar i gruppa.

Arnstein Skretting

facebook

TAH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
 Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
 v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 - 19
 Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)

Solarium
"Det er stor helsegevinst med et godt D-vitamin-niva"
Hage & Salongen AS
 Dame & herreklipp
 KERASTASE L'ORÉAL
 RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Siste nytt frå Varhaug BU

I juni, nærmare sagt helga 19.-21. juni arrangerte Varhaug BU fylkesstevne for Rogaland Bygdeungdomslag på Elgane. I lag med Klepp og Time vert det lagt ned ein god del dugnadstimar på nokre stevner på motorsenteret på Elgane tidligare i vår for å få lov til å ha fylkesstevnet her.

Heile torsdagen etter arbeidstid gjekk med til rigging. I løpet av helga hadde me mange tevlingar og aktivitetar på dagtid, og åpen konsert på lørdagskvelden med Silo & Saft.

Totalt hadde me inne over 110 personar i løpet av helga, noko me er godt fornøyd med.

I august hadde me årsmøte med mange gode debatter og, valgt nytt styre.

Styret i Varhaug BU 2015-2016:

Leder	Gunnar G. Skretting
Nest-leider	Leif Egil Siqveland
Kasserer	Eirik Varhaug jr.
Sekretær	Marit Opstad Mæland
Aktivitetsleder	Maren Arnes
Styremedlem	Martin Hobberstad
Styremedlem	Thomas Årslund

Ønsker det nye styret lykke til med arbeidet.

Styret i Varhaug BU

HAUSTFEST SVALA 4H

Det vert haustfest i Svala 4H - Fredag 16. oktober kl. 19.00 på Varhaug Idrettshus.

Sett av datoen allerede nå. Her kan de blant anna få sjå utstilling av alle prosjekta medlemmane har arbeid med gjennom 4H-året. Her er det mykje flott arbeid.

Velkomne til fest!

Styret i Svala 4H



HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

M E C A
 CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
 TLF. 90 50 65 66

M E C A
 CAR SERVICE

10 årsjubileum for Varhaugbuen



Det er 11 år sidan folkebiblioteket flytta saman med skulebiblioteket på Varhaug. Mykje har skjedd på desse åra. Lokala har blitt utvida fleire gonger. Og medan andre bibliotek i landet snakkar om nedgang i utlånet, kan Varhaug visa til stadig aukande utlånstal.

I år er det 10 år sidan nye Varhaugbuen starta opp. Dette hadde styret lyst til å markera, og sende ut invitasjon til seminar og jubileumsfest den 20. juni.

- Føremålet med denne samlinga var å heidre frivillig arbeid i det moderne Varhaug og lage ei samling på tvers.
- Påskjønne og rose dei som gjer ein frivillig innsats og dugnad.
- Motivera til auka engasjement og få fram nytte av lik innsats.
- Setje fokus på viktigheta av frivillig engasjement.
- Driva fram eit grønarare Varhaug – sjå nye mogelegheiter.
- Aktivisera og styrka samarbeid – kanskje påverka til auka bruk av anlegg for unge i ferietid.

For dei som tok imot invitasjonen vart det ein innhaldsrik dag. LivsGnister Tom Åge Myhren var invitert til å halde foredrag om «LivsKraftige Lokalsamfunn». Om LæringsLiv, NæringsLiv, FrivilligLiv og KulturLiv. Han var verkeleg ein LivsGnister. Han sa om seg sjølv at han dreiv vekselbruk mellom tømrar og LivsGnister.

Han hadde mellom anna sett på dei som stod i startfelte på Birkebeinerrittet. Dei var gravalvorlege. Så derfor hadde han sett det som ei oppgåve å stå der i startfeltet og oppmuntre dei gravalvorelege syklistane. Oppmuntring er ein viktig del i det frivillige arbeidet. Det er ein kunst å gjere kvarandre gode.

I det frivillige arbeider er det mange eldsjeler, men nokre gonger er det vanskeleg å finna eldsjeler nok. Kva kan gjerast for å få denne «driven» i fleire? Me må SJÅ og gje oppmuntring. Det er ein kunst å gjere kvarandre gode.

- Eldsjeler – gode hjelparar
- Konfliktsparar – kritikarar – kvele idear
- Oppdrettsanlegg for eldsjeler
- Institutt for tenking og bevissthet
- Raushetsplikt er å ta i mot og gje tilbake. Kunsten er å gjere kvarandre gode. Det er sannsynlegvis alvor nok til alle!
- HMS der H står for Humor
- Begeistring = Vilje x Lyst x Tru
- Smil og latter er den kortaste veg mellom menneske!

Ordførar Mons Skrettingland hadde innlegg om frivillig arbeid i kommunen. Frivillighet kan ikkje målast i pengar, men gir mykje tilbake til den som deltek. Hå sitt motto er: Me løftar i lag. Dugnad og frivillig arbeid har lang og god tradisjon i kommunen vår. Bønder var vande med må hjelpa kvarandre opp gjennom åra. Hå kommune har ca. 18.500 innbyggjarar, og det er rundt 140 årsverk i frivillig arbeid i Hå. Rundt 200 registrerte lag og organisasjonar i Hå. Det er mange eldsjeler som dreg. Då er det viktig at ikkje desse brenn seg ut, men får hjelp til å dra i lag. Me må løfta fram og løfta opp. Mykje av det frivillig er knytt til bedehus/forsamlingshus og idrettshus i kommunen. Arbeid med barn og unge har første prioritet.

Siste mann på talarlista var Svein Sørnes frå Randaberg som snakka om «Den grønne landsbyen». Randaberg og Hå har mykje til felles. Rundt 10.500 personar bur

i Randaberg. Det er den kommunen i landet som har størst grøntareal pr. innbyggjar. Dette var noko av det som kom fram i foredraget til Svein Sørnes.

- Kva er den grønne landbyen?
- Korleis utviklast eit attraktivt landbysentrum?
- Korleis skapast det gode landbylivet?
- Landsbyen må gjerast levande så folk trivs og vil vere her.
- Me må spela på same lag.
- Laga ein felles plan.
- Fylgje planen.
- Samarbeid er kunsten.
- Skape inspirasjon
- Aktivitetar for barn og unge
- Livglede for eldre
- Landsbyveke
- Lag og foreningar er ein kjemperessurs
- Det er oss sjølv det kjem an på

Etter ein pause var det så tid for gruppearbeid som Kristin Søyland tok seg av. Korleis kan me gjera sentrum i Varhaug betre? Her myldra det fram mange idear som Varhaugbuen vil presentera seinare.

Om kvelden var det jubileumsfest med nydeleg middag. Til innleiing song me «La oss åpne med en sang, kom syng med alle mann! Det gir humør!» av Svein Inge Årrestad. Mons Skrettingland ynskte velkomen, og så fekk me fekk sursteik og sviskegraut. Sjur Håland hadde kåseri, og var som vanleg gild å høyre på. Han har ei spesiell evne til å få fram detaljar som me vanlege ikkje kjem på ein gong.

Var det betre før, eller er det best nå? Om dagnadsånda på Varhaug, der han skildrar både heilagjengen i Nordsjørøttet og dugnad i Lensmannsløa. Kvifor skal Jærbanen stengjast i fleire veker, og Buevegen i månader? Kunne dei ikkje berre tromma saman ein gjeng på dugnad nattestid og fått det gjort i ein fei?

Haldis Bakke frå Varhaug pensjonistlag hadde helsing og blomar til Jon Harald (Håland). Ho skrøyte av bladet, og var glad for at nokon vil gjere den innsatsen for bygda vår. Eirik J. Varhaug hadde blomar og helsing spesielt til redaktør Liv (Hobberstad) og takka henne for den kjempeinnsatsen ho gjer for bladet. Til slutt fekk me ei fantastisk flott musikkoppleving av eit polsk ektepar, Maciej Stroynowski, pianist, og Anna Stroynowski operasongar. Dette var på ein måte «prikken over i» en» etter ein innhaldsrik dag. Før me gjekk heim, song me «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting.

Dei som ikkje takka ja til invitasjonen til denne dagen, kan angra. Det var ei flott markering av at Varhaugbuen er 10 år. Så får me vone at me greier halde liv i den også framover. TAKK til dei som bidreg med stoff for å gjere bladet godt, og spegla av det som skjer i bygda vår. TAKK til alle som gjer ein dugnadsinnsats i alle lag og organisasjonar. Utan DEG hadde me ikkje fått det til.

Brit Obrestad

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Styremedlem

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

Styremedlem

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

Varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorps

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør


Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymseleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grennd "*





Asle Haukland



Linn Vetrhus Lode



Bente Vigre



Ingvald Aase

Fotoklubben

Her er litt fra fotoklubben.

Varhaug fotoklubb hadde “sommerminner” som tema på sitt augustmøte. Medlemmane sine bilete gjenspeila at sommaren 2015 nok var noko varierende værmessig, men me fekk sjå mange kjekke minner fra turar og aktivitetar.

Klubben hadde og besøk av Norsk Biofoto, representert ved Aage Djuve. Eit skikkelig inspirererande foredrag av ein sars dyktig hobbyfotograf, med blant anna fuglar som motiv.

Klubben arrangerte også ekskursjon til Ognå i august, og dei fleste av dei frammøtte haldt ut til sola gjekk raud ned i horisonten. Så då er det berre å glede seg til septembermøtet, der “Ved kysten” er tema.

Nye medlemmer er velkomne til å bli med (ta gjerne med eigne bilete på minnepenn) - mandag 7.september i Løå.

Med vennlig hilsen

Asle Haukland

Fotograf Haukland AS

Lars Gaute Sport
sport 1

Varhaug - Tlf. 51 43 28 80
Nærbø - Tlf. 51 43 43 10
Sandnes - Tlf. 51 66 98 00

Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

General Forsamling i Løå 20. august



Kim Laland åpnet kvelden med sine vakre viser om blant annet tidsklemma med å få barn i “Gje meg ikkje opp” og om vakre Jæren i “Enok sine sko”. En flott start på kvelden.

Så var det tid for Hans Williamsen og Avløysarane. De tok publikum med storm fra første sekund med sine fantastiske tolkninger av Hank Williams triste og nitriste sanger på Randabergsk. De sang blant annet om kvinneproblemer som endte med tårer i ølet og enda tristere ting.

Hans hadde med seg fullt orkester med alt som hører til i et skikkelig countryorkester. De laget fantastisk stemning med til tider trampeklapp, og jeg såg knapt en fot som stod i ro under konserten.

Så var det tid for kveldens hovedkonsert. En ekstremt nervøs General Forsamling på hjemmebane sammen med de kortreiste gjestemusikantene Sven Arne Vestbø og Richard Madland. Generalen angret bittert på at han fikk et så ekstremt bra

oppvarmingsband som Hans Williamsen og Avløysarane. Det var en av hans tre feil her i livet i følge ham selv, med tanke på at dette nok ble vanskelig å overgå. Men etter litt startvansker leverte han sine viser på fremragende vis, i kjent stil med sin lune humor mellom sangene. Alt i alt en søkkjandes kveld med tre meget bra band som leverte til et soleklart terningkast 6.

Kjetil Efstestad



HÅ
HÅ REGNSKAP AS
Autorisert regnskapsførerselskap

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING
ÅNESTAD
MASKINSTASJON
Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

R.SKRETTEING A.S



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer konserten:

Would you go with me? - Hege Kristin med band



Selv om Hege Kristin er utdannet klassisk sangpedagog, er denne kvelden viet til annen musikk enn den klassiske. Det som ligger nærmest hjertet til denne damen er nemlig musikals, pop/rock og bluegrass/country. I tillegg vil dere også få muligheten til å høre noen av hennes egne låter.

Med seg har hun et knippe av distriktets beste band og sangere:

Piano:	Jonny Engelsvoll
Synth:	Tore Bols
Gitar:	Geir Arne Pedersen
Bass:	Kai Helliesen Ravnås
Slagverk/Perc.:	André Grøttheim
Sangere:	Helge Anglevik, Rannveig Skiri Mosbakk, Grethe Bjerknes og Christina Stangeland Hanssen
Lyd/lys:	Magnus Tronvold

Stad og tid: **Torsdag 17/9-15 kl 19:00 i Lensmannsløa på Varhaug, oppe i løå**
Billettsalg: **Bøen, Pris 250,-, 18 års aldersgrense**

Kiosk med Brus, øl, vin og nøtter. Kun kontant.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571 "lik" på Facebook "Kultur i løå"

Would you go with me? – Hege Kristin med band

Det hele begynte med en gal idé om å holde en konsert når hun rundet 40 år... Det endte opp i storsalen på Vågen Vide-regående skole, med ca. 230 betalende publikummere.

Utsagn som:

"Steinbra konsert med utrolig flinke musikere"

"Dette gikk altfor fort over!" "

"Kjempekonsert - det er ingen som holder konserter av dette formatet i distriktet!"

"Jeg pleier alltid kjede meg etter 3-4 sanger på konsert da det ofte blir litt enformig i forhold til musikk sjanger, men dette er en av de beste konsertene jeg noensinne har vært på! Variert musikk, en visste aldri hva som kom, og det var noe for absolutt enhver smak. Plutselig var det over liksom..."

"Har defintivt oppdaget nye band og nye sanger som lett blir nye favoritter etter denne konserten!"

Fra tosiders oppslag i Sandnesposten i forbindelse med konserten i Storsalen på Vågen:

"Hege Kristin har over 20 år med song bak seg. Nokre hugsar henne frå konkurransen «Stjerner i sikte» frå 1996, noko som var ei stor oppleving. Ho har sunge med Aaslandbros i mange år. Ho song for eit lukka lag for kongeparet i Forsand for nokre år sidan. Mange har møtt henne i mange ulike samanhengar som solist innan musikalar, country, jazz, pop og klassisk. I tillegg syng ho i bryllaup, konsertar og gravferder. I to år på rad har ho og nokre andre musikarar hatt julekonsert seint på julekvelden i Hana kirke. Ho er utdanna som klassisk songpedagog, men jobbar til vanleg med samfunnstryggleik og risikostyring".

Selv om hun er utdannet klassisk sangpedagog, er denne kvelden viet til annen musikk enn den klassiske. Det som ligger nærmest hjertet til denne damen er nemlig musikals, pop/rock og bluegrass/country. I tillegg vil dere også få muligheten til å høre noen av hennes egne låter.

Lerbrekk skule

Vennelaget Lerbrekk skule

Det skal vere to utstillingar på Lerbrekk skule i haust.

Helga 18. – 20. september kjem Magne Grude og Jon Mæland med salgsutstilling av trearbeid/brukskunst.

Helga 24. – 25. oktober kjem Kunst & Kult med salgsutstilling.

Begge desse helgene stiller Vennelaget opp med open kafé. Som vanleg er det open kafé første sundag i månaden, den 4. oktober og 1. november kl. 14 – 17.

Velkomen til Lerbrekk

Helsing Vennelaget



Fantefølge

Fantefølge er ei teatergruppe på Bryne der «**vår egen»** **Bright Skrettingland** er ein av skodespelarane. Etter første oppsetjinga av «Reisen til julestjernen» i Storstova på Bryne i 2010 har teatergruppa kome jamleg med nye teateroppsetjingar. Til no har det vorte i alt 8 ulike teateroppsetjingar med mellom anna den musikalske folkekomedien «Bruredansen», som eg var heldig å få med meg då dei spela denne i Storstova på Bryne våren 2015. Eg vart då mektig imponert over Fantefølge. Her snakka me om musikalsk teater med høgt nivå, på høgde med «dæ besta i byen».

Me er så heldige at me får Fantefølge til Løa på Lensmannsgarden torsdag 22. oktober med den nyaste oppsetjinga, som dei arbeider med no, «Kjærleik på Lykteland» av Torvald Tu.

Kjærleik på Lykteland er ein folkekomedie som Torvald Tu skreiv på 30-tallet. Stykket vart ein stor suksess på Det Norske Teateret,

men har etter det teatergruppa Fantefølge kjenner til ikkje vore spela på Jæren nokon gong. Dette måtte dei gjera noko med.

Regissør Frank Robert Andreassen har med eit flott ensemble frå Jæren prøvd gjenskapa det vesle tunet der bonden Jon Lykteland prøver og finne seg ei kone.

Skodespelarane som er med er:

Karin Hodne
Bright Skrettingland
Nils Arild Egge
Tone Haaland
Marianne Kårstad
Mikael Åsbjørnsson-Hodne
Carina Helland Østerhus
Kjetil Særheim

Kjelder: Regissør Frank Robert Andreassen og nettsida <http://www.fantefolge.no/>

Kjetil Skrettingland

Høstprogrammet for Kultur i Løa:

17/9 *Konsert med Hege Kristin Kjærvoll.*

15/10 *KPK Ukraina-kveld.*

22/10 *”Kjærleik på Lykteland”. Ein folkekomedie av Torvald Tu framført av teatergruppa Fantefølge.*

19/11 *Kulturkveld med m.a. salg av etiopisk mat.*

17/12 *Julekonsert med Kathrine Håland Varhaug og vener. Billettsal på Bøen. Overskotet går til veldedig formål.*

”LIK” Kultur i Løa på Facebook



Nytt frå Misjonshuset



God haust, me kan håpa på det. Etter ein sumar med varierende ver (mest dårleg) starta skulen og me fekk ein aning sumar med godt over 20 grader og ber i hage og på fjellet.

Og så startar møter og korøvingar opp att.

Minikoret er for dei frå 5 år og opp til 4. klasse og øver måndagar kl 1715 – 1750

Yngreskoret er for dei mellom 5. og 7. klasse og øver måndag (oddetalsveke) 1800-1900

Ungdomskoert er for dei over 7. klasse, og dei øver tysdagar kl 1900-2030.

Hananja starta opp 26. august,- og nye er velkomne, øvingar annankvar onsdag kl 2000.

Musikklaget er mest for dei litt opp i åra, øvingar tysdagar (oddetalsveke) 2000-230

Sundagsskulen er i gong, startar 1030 på sundager

Homlebølet som er samlingar for

barn og med mange mødrer og nokre få fedrar er på tysdagar 1000-1200 i matsalen.

«Spiren» for ungar i 3. – 5. klasse er på misjonshuset torsdagar i oddetalsveker 1630-1800

FRES er for tenåringar (5-8. klasse) og er på misjonshuset fredagar 1830-2015 i oddetalsveker.

Ungdom: Opent hus på ungdomsloftet kvar fredag 2000-2300, og ungdomslaget samlast laurdagar kl 2000 på Misjonshuset eller sjå oppslag eller facebook.

Godt vaksne: «vi over 60» samlast 1. og 3. onsdag i månaden i matsalen på misjonshuset kl 1400-1600

Av dei store arrangementa er julemessene, i år vert det veke 46, 13-14 november for misjonssambandet (NLM), og i veke 47, 20-21. november for misjonsselskapet (NMS). Normisjon si julemesse er på Vigrestad Misjonshus i veke 45, 6-7. november.

Og det vert flust med basarar på misjonshuset. Misjonshusets basar vert 23. oktober.

Og når hausten er slutt vert det advent og «vi synger jula inn» søndag 13. desember, der er korps og alle songkora med.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er no berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset. Med helsing, Per-Arvid

Varhaug Sentrum - Ryddegjengen

Ting skjer i Sentrum av Varhaug, noen «virksomheter» kommer og noen går. Ryddegjengen, den består og den gjer det trivelig for alle oss som ferdes i og rundt Sentrum. Ryddegjengen går heller ikke av vegen for å ta et tak med høytrykksspyler og malerrulle. For de som sjelden går gjennom jernbaneundergangen, ta en tur, den er lys og trivelig ☺. På «blåsane» Varhaug henger det fort søppel opp etter gjerder og busker. Ikke ta det som en selvfølge at Ryddegjengen er der. Vi kan alle bidra, og på enkleste vis, ved å IKKE kaste ting fra oss der vi går og står.

Abraham Nord-Varhaug, på mange måter den som fekk i gang denne flotte ordningen, Ryddegjengen, gikk dessverre bort nå i sommer. Abraham «glødde» for saken og kan være et forbilde for andre i så måte. Vi takker alle Abraham for den jobben han gjorde, og lyser fred over hans minne.

Rune Odland

Lensmannsløa ungdomsklubb



Led Light District spelte covermusikk med trøkk.

Då er me i gang igjen, og gler oss til å treffa nye og «gamle» ungdommar. Både Lensmannsløa og Loen ungdomsklubb kan søkja om pengar til aktivitetar for ungdom fleire stader. Dette året har vore magisk, og me har fått mest alt me har søkt om. Det betyr at me no har tv og playstation i siloen, snart ein krocketbane i 2. etasje og mange flotte kurs og arrangement i vente.

I juni hadde me 2 store arrangement, Rockefest på Jadarheim, og det årleg Skumpartyet på Nærbø, i samband med Nærbø-dagane. Sjølv om me skulle ynskja det hadde kome endå fleire ungdom på Jadarheim, var me sær s nøgde med kvelden. Fantastiske liveband frå Hå kommune stilte opp på dugnad, i tillegg til mange vaksne vakter. Kvelden

blei fin, og ungdommane sat klistra og gav enorm applaus til kvart einaste band. Er me heldige får me gjenta dette arrangementet, slik at fleire får denne gode opplevinga.

Framover vil me ha open ungdomsklubb i Hå tysdagar på Varhaug, og onsdagar på Nærbø. Dette for å gi eit større tilbod, og kunna samarbeida meir med kvarandre. Me syns det er flott at ungdom frå heile Hå kan ha felles samlingsstader, der dei kan vera med på ulike aktivitetar og møta nye vener.

Meir detaljert informasjon vert jamnleg oppdatert på facebooksidene til Lensmannsløa ungdomsklubb og Loen ungdomsklubb. Her får du og beskjed om når du kan melde deg på dei ulike kursa.



Silo & Saft må vel seiast å vera det bandet som byr på flest overraskingar, på ein god måte. Olav madland gav som vanleg alt, og hadde seg nokre spenstige turar ut i salen for å sjekka om det var gode avløysarar der.



Ein kan tydeleg sjå at Frank Håland trivst på scena!



Flat Fungus avslutta kvelden med coverlåter og allsang.




Lanthanium er eit ungdomsband i kulturskulen, dei fekk med

publikum på allsong og skapte flott stemning i lokalet.



Johnny Red and The Prayerhousepeople spelte nydelege eigenkomponerte songar, fleire av desse balladar.



Hå skulesjakk

Skulesjakken startar opp att etter sumaren. Sjakken er for gutar og jenter som bur i Hå og går i 2. klasse eller er eldre.

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen. Første dag i haust er 17. september

På Varhaug speler me frå i haust på onsdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa. Me startar opp 16. september.

På klubben speler me mykje, har litt visning på stort sjakkbrett, og mange er ivrige med å ta merker. Hittil er det 20 som har gjort ferdig Bronsespringaren, og 9 har gjort Sølvspringaren og 4 har gjort ferdig den vanskelege Gullspringaren! (Og mange er i god gang, det er 12 oppgaver for kvart merke)

Fleire av klubbmedlemmane har deltatt på andre turneringar i Rogaland så vel som i Kristiansand



Sven-Tobias mot Oscar på Varhaugmarken

og Bergen- og dei har gjort det svært så bra.

Under Varhaugmarken 5-6 juni hadde me i klubben arrangert VM i utesjakk (Varhaugmeisterskapen i utesjakk), med deti store brikkene til Varhaug kommune som no er på Bø skule,- og hagesjakkbrikkene frå

Varhaug skule. Sjå bilete. Det var mange som prøvde seg,-men til sist vann Oskar Feed Jakobsen VM. God nr 2 vart Sven Tobias Ueland, og deretter følgde Isak Mikal Røyland og Sigve Kydland.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Hå sjakk for vaksne

På Varhaugmarken 5.-6. juni hadde Hå skulesjakk ordna med ei utesjakkturnering, VM i utesjakk. Me hadde to brett,- og mange interesserte spelarar og tilskodarar kom. Gutane i Hå skulesjakk var best i Varhaugmeisterskapen i utesjakk, så dei vaksne må trenast litt meir til neste gong! Det var fleire vaksne som deltok og me håper at dei kan vere med å spele utover hausten.

I fjor prøvde me å få til vaksensjakk på Vigrestad,- men det gjekk ikkje.

Dette året vil me invitera til sjakk på Varhaug på onsdagskveldane etter at skulesjakken er ferdig, dvs kl 1900. Staden er lensmannsløa.

Og me vonar at me kan få grunnlag til å starte ein ny sjakkklubb, Hå sjakkklubb.



Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Bondelaget

Sommaren har venta på seg, men avlinga har vorte god. I skrivande stund har me nett hatt snaut 2 veker med ein smak av sommar, og det var deiligt.

Bondelaget hadde stand på Varhaugmarken, der me hadde quis, og 3 vinnarar fekk gavekort frå Felleskjøpet på kr. 500.

Me hadde både høylandsfe, lam og kyllingar på standa vår, og dette tykte dei små var ekstra gildt. Det var og godt drøs, og eit vellukka tiltak.

25. juni hadde me ein flott matpakke sykkelstur saman med bygdekvinnelaget. Me var 15 stk som sykla til løa til Leif Obrestad i strålende sol. For ein kveld å å innta matpekken i solveggen og der himmel møter hav. Me fekk litt historie av Eirik J. Varhaug og var og inno Tusenårs plassen. Ein veldig kjekk tur!

Nå er me to skritt inn i hausten. Me satsar på ein flott haust og eit spanande val.

Helsing styret i Varhaug bondelag

Opningstider og kurs for Ungdomsklubbar i Hå kommune

Lensmannsløa Varhaug: Loen Nærbø:

Tysdagar

25.august - Photoshoot m Frode Ueland
01.september
08.september
15.september - Matkurs. Påmelding
22.september
29.september - Malekurs. Påmelding
06.oktober - Haustferie. STENGT
13.oktober - Malekurs. Påmelding
20.oktober
27.oktober - Batikkmalning. Påmelding
03.november STENGT
10.november
17.november
24.november
01.desember - Juleverkstad
08.desember
15.desember - Julekos meg gavedryss


Onsdagar

26.august - Oppstart etter sommaren
02.september
09.september - Matkurs. Påmelding
16.september - Matkurs. Påmelding
23.september
26.september - Kurs i balgesurling. Påmelding
30.september
07.oktober - Haustferie. STENGT
14.oktober - Sminkekurs. Påmelding
21.oktober - Sminkekurs. Påmelding
27.oktober
04.november
11.november
18.november
26.november
02.desember
09.desember - Julebord - OBS! påmelding
16.desember - Nisseklubb



OBS! endringer kan forkome, sjekk facebook før du kjem

30. oktober KING OF SWING på Vigrestad



Nytt bad? Vi hjelper gjerne med planlegging og prosjektering





Gågruppa til bygdekvinnelaget på tur

Me i gå gruppa har ein årleg tur på sommaren, som er litt lengre og spesiell. I år skulle me til Månafossen og garden MÅN. Men då me ville ha fint ver, har det vore utfordrande å finna ein måndag utan regn, og som passa for dei fleste. Etter 4 forsøk kom me oss av garde måndag 24. august. YR lova fint ver, men det kan ein ikkje alltid stola på. Så vel framme på parkeringsplassen, klar til avgang, kom det litt regn. Noko som ikkje var til hindring for oss. «Verte kje møyje av det», ein felles kommentar frå dei 8 damene som la i veg, og det stemde og.

Me for oppover mot fossen, i roleg tempo og heldt oss vel i kjettingen. Drøset og humøret var på topp. Så hørde med lyd frå ein mobiltelefon i ein sekk, og den måtte jo svarast på. Uff og uff, det var beskjed frå Iden at bilane våre måtte flyttast. Grunn: Eit stort messetelt skulle opp. Dette vart ei ganske stor utfordring for oss 5 som hadde bilen der, og

med nøklane i sekken og dårlig telesamband. Men nokon av oss klarte å få kontakt, og takk til dei mennene heima som fann reservenøkkel så bilane vart flytta. Så kunne me vandra vidare med følgjande kommentar: Hadde vore enklare utan den telefonen»

Ein liten stopp ved fossen, sjå bilete, og ferda gjekk vidare mot garden Mån. Ein flotte plass inni mellom fjella låg og venta på oss. Nå var det herlig med kaffti og niste og godt drøs. Og då Kjellaug fann fram notatet sitt, og kunne fortelja historia på Mån frå 1800 talet og utover, ja då var det fullkome. Dette var interessant, og eit ekstra pluss til den elles så flotte dagen. Men heimturen måtte tenkast på, og litt regn kom og sigande på oss. Vel framme med bilane var det godt å få på turre klede før turen gjekk til Byrkjedal og kaffi før me var vel heima. Nå har me starta å gleda oss til neste års langtur. Oddbjørg Skrettingland

Gågruppa

Gågruppa møtes kvar mandag på Iden kl. 9.30. Gågruppa har ikkje hatt ferie.

Motto: “**Det finns ikkje dårleg ver, berre dårlege klede**” (“å skinne æ titt”).



Bondekvinnelaget

Sommaren er over og hausten klar, og aktivitetane i bygda starter opp.

Me i bygdekvinnelaget har nett fått basaren i havn. Takk til Liv Hobberstad, som også i år var primus motor, og takk til dei som selde lodd på Coop og Spar. Og ikkje minst takk til alle som kjøpte lodd. Dette er ei god inntektskjelde for laget, som igjen kjem bygda til gode.

Reknar med at at dei som går på Iden har sett dei fine blomane som står på borda i kafeen. Desse sponsar bygdekvinnelaget, som takkfor godt samarbeid, og Mona & Co passer godt på dei.

24. september vert det årsmøte.

Då kjem Randi Husvegg m/fleire for å fortelja om arbeidet innan BUFF. Etter sjølve årsmøtet og pizza servering, satser me på lettare underhaldning.

29. oktober vil me markera av laget er 80 år.

Rådmann Anne Berit Berge Imse vert med oss. Sjur Håland skal kåsera, og så håpar me ordføraren kjem (kem det nå er).

Det vert ope hus, og me håpar flest mogeleg vil koma og vera med på denne markeringa.

26. november.

Motevisning av Livs Klær og gaver. Det vert og dekkja eit fint dekkja bord.

Bygdekvinnelaget har alltid møtedag siste torsdag i månaden i Løestova kl. 19.00. Merk dykk dagen, og kom og vær med oss! Me prøver alltid å finna høvelege program, men me er og takksame for innspel/ynskje om tema/underhaldning. Berre gje eit lite hint om dette til ein i styret.

KURS

Tysdag 3. og 10. november vil me ha kurs i lefse/flatbrød med Høyfrid Sirevåg som lærar.

Torsdag 8. januar 2016 starter me opp bunadskurs med Reidun Haavardshold som lærar.

Er det andre kurs som er av interesse? Ta kontakt med styret så skal me prøva å ordna det.

Påmelding til kurs: Oddbjørg tlf. 99 10 42 54.

Trimmen

Trimmen tysdag kl. 10.00 med Sissel Høien.

Ja, her er aktivitet for einkvar, berre kom deg opp av godstolen. Me har plass til fleire, og me har det veldig kjekt saman, og så gjer det så godt.

--

Så vil me ynskje alle ein fin haust. Me håpar godveret vil halda fram, og ikkje minst at de kjem på møta våre.

For styret i Varhaug bygdekvinnelag;
Oddbjørg Skrettingland

Strikke kafeen

Strikke kafeen er i Løestova første mandag i månaden kr. 16.30.

Elgane

Elgane Motorsykkellubb arrangerte klubbmesterskap for alle greiner tirsdag 25 august. Det var mange førere som stilte til start, og mange foreldre, besteforeldre og andre som kom for å sjå på. Stor aktivitet heile kvelden, både på speedway- og crossbanen.

Resultater;

Motocross; 85 cc

1. Christoffer Salte
2. Vetle Olsen
3. Håvard Torbergsen

Då alle desse er medlem av Byberg-sanden Motorcrossklubb vart det vår egen Trym Krag som stakk av den den gjevaste pokalen som klubbmester i denne klassen. Bra jobba av Trym.

Åpen klasse:

1. Magne Klingsheim (klubbmester)
2. Nauris Svedaruskas
3. Mathias Andersen

Speedway: 85 cc.

1. Espen Sola (klubbmester)
2. Mathias Pollestad

500 cc

1. Jan Mikke Bjerk (klubbmester)
2. Glenn Moi
3. Joakim Aslaksen

ATV

Junior

1. Sondre Frøytlog (klubbmester)
2. Kim Andre Munkvold

Åpen klasse:

1. Aruydas Stankus (klubbmester)
2. Gediminas Galinis
3. Dainius Toliussis

Det neste som står på programmet nå er Vestlandsmesterskap i Motocross helgen 4-6 september. Da blir det action og mange gode kjørere.

Senere på hausten og utover tidlig vinter blir det igjen fart og gøy på speedwaybanen med «cup» i flomlys tirsdagskveldene. Dette var en ubetinget suksess i fjor. Tidspunkt for oppstart er ikkje bestemt enda, men følg med på facebook eller vår nye nettside elganemk.no.

Kan og minne om vår JULEBASAR som blir 12.12 kl. 12

Elin H.



Det skjer ein del på

Varhaug

Det ser ikkje ut som det går så dårleg på Varhaug, som elles i landet. Her ser me byggekraner både hos næring og privat. **Bratlandsmarka** veks meir og meir.

AH Bygg har fått eit tilbygg, som skal brukast til større kontorplass, noko som har vare eit sakn lenge.

Rådhuset Her held dei på med eit omfattande arbeid. I tillegg til å oppgradera ventilasjonsanlegget i bygget, skal det skiftast vindu i den eldste delen, og her skal dei ymse kontora fiksast slik at ein får ein betre utnytting av desse. Men den største skilnaden me utanfor vil merka, er eit nytt servicetorg som skal koma i inngangspartiet. Det skal verta gildt. I Time har dei hatt slikt servicetorg fleire år, og der har eg erfart kor viktig eit slik torg er, når det gjeld å få informasjon. Viss nokon lurar på kva tilbygget på taket er, så er det innebygging av ventilasjonsanlegget.

Fjorland får ei 3000 m² utviding mot vest. Her skal det koma 3 nye etasjar, (like høgt som det gamle) som skal nyttast til meir produksjon, ekspedisjon og personalrom.

COOP bygget har nett starta byggetrin 3 med husvære. Gildt er det og ein ser skilta til lokale entreprenørar på dei ymse byggeplassane.

Ole G. Nord-Varhaug & CO AS, tok nybygget i bruk i sommar. Det var litt innkøyringsproblem med dei 2 første robotane, men nå går det godt, og då Varhaugbuen var innom heldt dei på med installering av den 3. Og viss nokon lurar på kva bokstavane **KVX** på aust veggen tyder, så er det namnet til det japanske firmaet dei har avtale med.

Buevegen. På grunn av arbeidet med gang og sykkelsti til Skrettingland, er vegen nå stengt frå Prestakrysset. Samstundes vert og industriområdet her opparbeidd.

Den nye Hallen på Iden. Den vart tett til Jærmessa og var i bruk til mykje desse dagane. Nå står det att å få ferdig det som er innomhus.

Mødeplassen

Så var det over og ut med aktivitetane her; kortspel, bingo og seniordansen. Dans og kortspel har fått plass i kjellaren på Mødeplassen, og ha bingoen, men har ikkje starta

med den endå. Me prøver å finna ein plass, der brukarane kan koma inn med rullator. Så bingoen kjem tilbake, om «intkje så brått»



Sentrumsgården

Ja, det er ikkje berre Mødeplassen som det er over og ut med. Sentrumsgården er nå mest heilt tom, det er kun frisøren og pizzabakeren som er igjen i bygget i tillegg til bilvasken og bilforetninga på taket. Mest synd er det i grunnen med kafeen. Det var mange her som tidlegare i år nytta seg av dette tilbodet, då særleg om søndagane. Får berre håpa at Steinar og Co får til noko nytt i bygget. Det er ikkje mykje gildt og sjå på dette store, flotte bygget står tomt.

SI Bygg har og fått nytt bygg. (Det gamle har Odland AS teke over). I 2. etasje hos SI Bygg skal kyrkjekontoret for Varhaug og sørover flytta inn.

Bankbygget Her skjer det litt av kvart seier Reidar Skretting. Hyblane i 2. etasje er snart ferdige, og i 1. klagjer dei for ein eventuelt ny leigetaker. "Noge på gang" i følge Reidar.



Varhaugbuen vil oppfordra bygdafolket til å bruka dei få, men gilde, butikkane me har. Vær positiv og snakk positivt om Varhaug, så kjem det kanskje fleire butikkar? Det er ikkje enkelt for nye å etablere seg her viss ikkje folk bryr seg.

Litt frå korpset, som har vore på bowling

I år valgte vi en myk start på sesongen. Lars Ole tok med seg gjengen til Bryne på bowling. Det er viktig med det sosiale i korpset, og vi prioriterer det høyt.

Vi har mistet noen av de eldste i korpset i sommer, men har og fått noen nye musikanter. Men det er alltid plass til flere.

Vi kommer i høst til å jobbe med et program til Stavanger Open. Dette er en stor "happening" for oss. Og for de som husker det, så fikk vi en kjemp plassering i fjorårets konkurranse.

Som vi har gjort tidligere år, kommer vi og i høst til å ha det tradisjonelle griselotteriet.

Og tradisjonelt blir og oppgavene våre utover høsten med spilling både på julemesser og tenning av julegrana.

Vi gleder oss til en spennende høst.

Hilsen fra styret v/Kjartan Aanestad



Hå frivilligsentral vil arrangera gratis sykurs for vaksne,

i Lensmannsløa, no i haust. Me har sett opp 4 måndagar, der dei som vil kan kome innom og få hjelp, tips og råd til ulike syprosjekt (ikkje bunad). Kurset er for vaksne, med eller utan syerfaring. For å sikra seg plass kan ein melde seg på, og dei som er påmelde vert samla, andre kan likevel koma innom og ha med seg symaskin for triveleg lag og inspirasjon. Kveldane vert brukt til å hjelpe kvar og ein med det dei ynskjer å sy, og frå kjøkken kan ein kjøpa nylaga mat og drikke for ein billig peng. Kvar og ein må sjølv ha med seg stoff. Me har nokre få mønster i løa og 4-5 symaskinar, men det anbefalast å ta med sjølv om ein har. Velkommen

Monica C Herredsvela er kurshaldar, påmelding til mob nr: 48077515.

SYKURS i Lensmannsløa Varhaug



24.08, 31.08, 14.09 og 28.09

Kl: 17.00 - 20.00

Kursa er gratis, men du må kjøpe/ha med deg stoff og mønster sjølv. Me har nokre symaskinar, mønster, nåler og sakser til utlån. Om du vil sleppe venting er det lurt å ha med eige utstyr som er merka med namn. Monica C Herredsvela vil vera til stades og gi hjelp undervegs.

Nybegynnar eller med erfaring, alle er like velkomne

Kom innom for nokre hyggelege timar med drøs og læring. Me har open kafe som sel kaffi, te og litt attåt. Vil du berre kome innom for å sjå, er det og heilt greit.

Kurset er for vaksne. For å sikra deg plass kan du melde deg på til Monica: 48077515



Varhaug klarar alt saman

Jærmessa blei snekra saman av flotte tilsette og lassevis av dugnadsfolk i år òg.

28.-30august fekk ca 9000 sjå kva Varhaug har å by på. Den tradisjonelle Jærmessa vart arrangert på ein glimrande måte og var både forbetra, fornya og utvida! Fornyinga og utvidinga har resultert i fleire publikummarar, det viser tala for dei 2 føregåande åra; I 2014 kom 4000 stk innom messa, medan det i 2013 var 5000 betalande. I år fordelte publikum seg klumpavis; 3000 var innom i løpet av fredagen og laurdagen, medan ca 6000 stk kom på sundagen.

Vèrmeldinga var laber, men då vèret kom, var det eit strålende messevær, med opphald på fredag og laurdag og vindstille og sol på sundagen. Det kunne ikkje vore betre!

Både store og små koste seg, og det var lett å finna fram når områdene på Iden var temabaserte. I den store hallen var det 20 fleire standar enn i fjor; dei politiske partia var alle tilstades og dominerte hallen, men der var òg sportsbutikk, røyrleggjar, sjokoladefabrikk og målarbutikk, naprapat, kunstmålar, barneklede, barneleiker, avis, byggfirma, elektriske sykklar og mykje, mykje meir. Utanfor hallen var "juglebuene" satt opp på ei ryddig rekkje, tivoli var på plass på grusbanen og fleire "maskinutstillarar" stod ute.

Eit stort telt var satt opp, og der kunne dei vaksne vera på gla' fredag og kviss på kveldane, medan ungane kunne sjå Kardemommeby på dagane. Grusplassen utanfor gamle salen vart brukt til "strongman"-oppvisningar og konkurransar. Eit langt militærtelt og fleire andre småtelt fungerte som ekstra matsal for svoltne komle- og pomes frites-etarar.

Den nye hallen var ein glimrande kuutstillingsarena. Her var det god plass til kyr, lama, kaninar, ein vèr og andre dyr som blei vist fram. Publikumplassen var mykje betre enn før og det var god plass til tribunar. Nytt av året var kunst-og handverksavdeling, som òg var i den nye hallen. Desse var litt bortgøymde på fredagen, men kom meir fram i lyset på laurdag og sundagen. Bondens corner var òg ein av årets nyhet, der landbruksorganisasjonar var samla og viste seg fram. Både vaksne og born fekk oppleva slakting av gris og lam på fredagen, medan skrottane vart partert og grilla på laurdagen.

Sundagen vart ein av dei dagane der varhaugsbuar blir rørt! Tårene var framme hjå fleire, og kjensla av å få til noko stort – i lag, må ha vore framtredande hjå mange. 6000 var innom messa på sundagen, komlekøen gjekk gjennom heile den gamle salen og ut på gangen, dokøen, pomes frites- og kakekøen likeså. Ovr 4000 kjøpte billett til konsert med Marcus og Martinus. Desse to gutane fekk jenter til å hyla av begeistring. Flott scene var spikra i løpet av fredagskvelden, småtelt var satt opp som salsbuer langs den nye hallen og 80 ekstra dugnadsfolk kom på plass på rekordtid! Varhaugbuar dukka opp på idrettshuset med kommentarar som: "Eg har ikkje blitt satt opp på noko, men kan eg hjelpe med noko?" Med slike haldningar får me til alt i denne bygda – saman!!!

Kristin Søyland

Den nye Varhaughallen – kva kan DU bidra med??

I skrivende stund driver en gjeng med ildsjeler i Varhaug Idrettslag og kartlegger folk som har tid og anledning til å hjelpe til med forskjellig arbeid under bygging av den nye hallen.

Dersom ingen har ringt til akkurat DEG – er jo det ei stor skam, då du heilt sikkert har noko å bidra med.

Me treng sjølvsagt håndverkere av alle slag, men me treng og mykje anna hjelp – riving og rydding, vasking, matlaging osv.

Har du litt tid til overs og har lyst til å hjelpe til – ta kontakt med Tina Håland, Varhaug Idrettslag. Tlf. 917 59 111



Bjørn Ole og Jon Emil vart beste mønstrarar!

Kvart år vert Rogalands beste kalvamønstrarar kåra på Jærmessa på Varhaug.

I år var det ca 40 deltakarar som kjempa om 4 førsteplasar og stasband til kalven sin.

Ungdomsklassen var først ut på laurdagen, og dei mønstraku eller kvige. Ungdommane er under 25 år, og i tillegg til sigeren, kjempar dei om ein plass i den Europeisk Mønstringsskolen, som kan kallast eit EM i mønstring. Denne føregår i Belgia kvart år.

Alle mønstrarane var erfarne, og det var tidlegare vinnar, Ellen Marie Aarsland frå Njå i Time, som stakk av med sigeren. Janni Kragh, som er utvekslingsstudent frå Danmark og arbeider hjå Hanne og Arild Helland på Varhaug, forsvarte Varhaug si ære og tok 2.plassen. Marie Brådlid, frå Sola, blei nummer 3.

Klassen 12-15 år bestod av både nye og erfarne mønstrarar. Her var det òg eit høgt nivå på mønstringskunnskapen. Vilde Matningsdal, frå Vigrestad, stakk av med sigeren. Vilde Varhaug var einaste mønstrar frå Varhaug.

Klassen 10-11 år viste mykje god mønstring. Her gjekk sigeren til Einar Østebøvik frå Austre Åmøy (guten på mjølkekartongen), medan Maria Skretting frå Varhaug vart nummer 2 og Amalie Dyvik frå Sandnes vart nummer 3. Varhaugsbuane Mikkel Skretting og Adine Ridola Haugstad var og kjempa om sigeren.

Den største klassen i år, var 8-9 åringane. Her var det mange som viste at dei har god kontakt med kalven sin. Best kontroll hadde Bjørn Ole Aanestad, som vart nummer 1, og Rikke Herikstad Aanestad som nummer 2. Begge desse er frå Varhaug. Andre varhaugsbuar i klassen var Helle Rosland, Olav Rosland, Seline Årdal Nesvik og Live Skretting.

Den minste klassen har lett for å sjarmera dei fleste. Her er mønstrarane frå 4-7 år, og det er stilig å sjå på dei små ungane som har kontroll på større kalvar. I år var det 4-åringen Jon Emil Helland som var best, medan storesøster Annelin Helland (6 år) vart nummer 2.

Me gratulerer Bjørn Ole og Jon Emil med sigrane!

Kristin Søyland



... frå kalvemønstringa





Beste eldre NRF, og Miss Jæren 2013, mønstra av Kjersti Nærum og eigd av Ingunn Dyvik

Miss Jæren bur på Varhaug!

Den 13. kuutstillinga gjekk av stabelen på Jærmessa siste helga i august. Utstillinga er ei av Norges største og mest profesjonelle!

Alle fasilitetar var på plass for kyr, mønstrarar og publikum og dette året var ingen redd for at teltet skulle blåsa vekk, eller at regnet skulle bløyta ut alt og alle! Det var fantastiske forhold for kuutstilling!!!

Dette året var det mange som stilte NRF og holstein-kyr, medan Jersey-klassa vart slått saman og ingen stilte i klassa "andre mjølkerasar".

Nytt av året var ein Derby-klasse i Holstein, der deltakarane betalar inn 500 kroner. I Derby-klassen er det holstein-kviger som vert stilte, og dei vert påmeldt når dei er kalvar. Når utstillingsdagen kjem, må eigaren koma med kviga han melde på to år før, same korleis ho ser ut. Holsteinfoeringa ynskte å prøva denne klassen for å stimulera til avlsinteresse, for her må du tenkja på eksteriøret til kalven, allereie når du inseminerer kua.

Derby-klassen var dominert av varhaugbuar, og det var også Hanne og Arild Helland som stakk av med 1.plassen og 3000kroner. 2.plass gjekk til Ole Morten Aanestad, men pengepremien gjekk til mønstraren sjølv, Oda Elise Aanestad (10 år).

I NRF-klassen deltok både Tommy K. Skretting og Ingve Skretting med to kyr kvar. Tommy sine kyr plasserte seg i toppen av resultatslitsa, medan Ingve sine kyr kom lenger ned på lista. Vinnarar i NRF klassen var: 1.kalvs ku: Sindre Årsvoll- Sandnes 2.kalvs ku: Torbjørn Garborg, Time og eldre NRF; Ingunn Dyvik frå Sandnes.

Jersey-klassen var liten, men god. Kåre Sigurd Undheim, frå Undheim, har alltid hatt mange gilde og flotte kyr i denne klassen. Dette beviste han òg i år, då hans ku vart beste jersey og årets GULLKU. Gullkua er den kua som er den beste for bonden; har flott eksteriør, er lett å få kalv i, mjølkar godt, er like sjuk og får mange kalvar.



Tommy Skretting med si ku i 2.kalvs NRF-klassen, der kua vart nummer 2.



Beste 1.kalvs holstein, mønstra av Janni Kragh og eigd av Midt-Varhaug samdrift.



Beste 1. kalvs NRF, mønstra og eigd av Sindre Årsvoll.



Beste 2.kalvs NRF, mønstra og eigd av Torbjørn Garborg.



Beste eldre holstein, mønstra og eigd av Ole Morten Aanestad.



Beste Jersey og Gullkua 2015, eigd av Kåre Sigurd Undheim

Holstein-klassen er tradisjonelt dominert av svarte "varhaugsdamer". I år deltok Arild og Hanne Helland frå Midt-Varhaug samdrift med 5 kyr, Ole Morten Aanestad med 5 kyr og Sigmund Rangen i Svartros samdrift med 1 ku. Av ungdomene kom Hanne og Arild sine kyr på 1., 2. Og 5.plass, medan Ole Morten fekk 3.plass på ei av sine ungyr. I eldre Holstein var det Ole Morten som stakk av med sigeren, og denne kua vart òg MISS JÆREN! Hanne og Arild si ku vart nummer 2.

Miss Jæren har den flottaste ku-kroppen på Jæren (og i fylket med), og me gratulerer både den stolte eigar og den flotte Miss Jæren!



Oda Elise Aanestad med kviga si.



Mikkel Skretting passar på at kyrne deira får vatn å drikka.



Ingve Skretting kjem med kua si.



Rådmannen i Hå delte ut stasband til Gullkua, medan landbruksminister Sylvi Listhaug såg på.



Ole Morten Aanestad gjer kua si klar til Miss Jæren-kåringa, som ho vann!



Hanne Varhaug Helland legg siste finpuss på ei av sine kyr.

Første orientering om ny kulturhistorisk bok

Ueland Historiske Forlag i samarbeid med Historielaga i Hå, Time, Klepp og Time Bygdemuseum vil gje ut ei stor bok om torvmyrer og torvskjæring på Jæren.

Torvet var sjølve livsgrunnlaget for at det kunne bu folk på Jæren i gammal tid.

Dette vert godt dokumentert gjennom innsamla forteljingar frå folk som sjølve har vore med i torvmyra. Skriftleg materiale fra aviser og div. årbøker har også vore gode kjelder for forfattaren Sjur Håland frå Varhaug.

Boka vil ha med minst 100 bilete. Mange av desse er gamle historiske bilete, og tilgangen på slike bilete har vore betre en venta.

Det grafiske arbeidet starter etter ferien, og boka skal vera ferdig til presentasjon på eit stort kulturarr. på Skjæret 25 oktober.

Boka vil verta presentert for media i veke 43.

Kåseri om temaet vil eg ha klart straks etter 25 oktober. Her vil rikeleg med bilete frå boka verta presentert.

Sjur Håland vil også kunna delta på nokre arr.

Meir informasjon om boka kjem i ein eigen A 4 brosjyre til hausten.

Med ynskje om ein riktig god seinsumar

Tarald Ueland

Ueland Historiske Forlag

Tlf. 489 59 613



Nå har me fått Stein med på laget, velkommen innom!



butikk

Mølleveien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70

www.mer enn du tror.no

Loppemarkedet på Lensmannslåven lørdag under Varhaugmarken



Dette fyrste året var eit forsøksprosjekt. Me vart godt mottekne av arrangementskomiteen for Varhaugmarken, og hadde eit nyttig samarbeid med dei. Det var mykje folk innom på låven og god handel. Me selde lapper, kaffi og brus. Overskudd totalt vart på kr 16.000.-. Halvparten til Skulekorpset og halvparten til Kultur i Løa.

Planlegging, organisering og gjennomføring av loppemarkedet gjekk veldig greit, i samarbeid mellom frivillige frå Skulemusikken og Kultur i Løa. Folk ringte inn lopper og tok kontakt for henting. Og mange kom sjøl til Løa og leverte ting ein ikkje lenger hadde bruk for. Men ein må nok og vera mer selektiv når det gjeld kva lopper ein kan ta i mot. Dessverre var det i år ein heil del saker som det var

uråd å selja. Kva som er salgbart vil kunna variert frå år til år, men Kultur i Løa har ikkje lager, slik at ein eventuelt kan lagra ting til neste år. Det kan fort verta dyrt og krevja mykje i etterarbeid å bli kvitt restane.

Kultur i Løa vil gjera ei evaluering før ein bestemmer seg for eit nytt loppemarked. I år fekk Ukrainaforeninga fyrst velja det dei ville ha frå restane, det var fleire senger og andre ting som var aktuelle for dei. Dette var fyrste gong ein arrangerte loppemarked, ei vurdering i ettertid vert om ein skal fortsette arrangementet, om ein skal fortsette på lørdagen under Varhaugmarken eller om ein eventuelt skal velja eit Anna tidspunkt på året.

Varhaugmarken tilbake på sporet igjen



5. og 6. juni var det Varhaugmarken igjen for 34. gong, og i år var det god gamaldags markenstemning slik som før. Komiteen, Eirik Sandanger, Reidar Skretting, Lars Gaute Bø og Frank Håland hadde gjort ein god jobb i førekant. Nå var Stasjonsvegen igjen full av aktivitetar i tillegg til dei sidegatene som fører in til den vegen. Her var det tradisjonelle og gilde «ongaløpet» på fredag der 300 var med, og det er ny rekord. Kulturskulen var på plass, og det same var bygdekvinnelaget med lappane sine. I fredagsteltet til VIL, trur me og det må har vore rekord.

Laurdagen starta med gratis frukost, som handelsstanden spanderte og bygdekvinnelaget serverte. Så gjekk det slag i slag utover dagen med musikk og song av fleire aktørar.

Det var og veldig mange som deltok på Varhaugmila både på 5 og 10 km. Sidan det er valår, måtte og ein del politikarar i elden før dagen vart avslutta med auksjon frå scenen.

Varhaugbuen seier takk for eit godt og gildt arrangement, og ser fram til Varhaugmarken 2016. Komiteen er alt i gang med programmet for neste år.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
8. november

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.



Varhaug Bedriftsforening

>>ÅRSMØTE 2015<<

Allerede nå kan VBF sine medlemmer sette kryss i kalenderen til Årsmøte 2015 i uke 42

Endelig dato utsendes til medlemmer primo uke 38

Håper på stort fremmøte dette året

Hilsen

Styret i Varhaug Bedriftsforening





- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN
 Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
 E-post: post@fargerikehalvorsen.no
 Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE

KULLSYREMASKIN FRA AGA



499,-



ny patron
269,-
 bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S
 Godkjent bilverksted • 51 43 02 33